



Stendal VVS AS
Thorleif Stendal

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2192 - 15/18488

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
09.10.2015

Godkjenning - utslepp frå to fritidsbustader på Landsvik, gbnr 51/16 og 51/33.

Administrativt vedtak. Saknr: 366/2015

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad, motteke 10.08.2015 og supplerande dokumentasjon motteke 18.08.2015, om utslepp, 5 pe, frå to fritidsbustader på Landsvik, gbnr 51/16 og 51/33. Det er same eigar på begge fritidsbustadane. Utsleppet skal reinsast med ein 4m³ slamavskiljar og ført til felles kum, før utsleppet vert vidareført til etablert felles avlaupsleidning i Naustvika.

Utsleppsløysinga for eigedomane vart etablert utan at det låg føre naudsynt løyve. Truleg vart denne etablert i samband med oppføring av eit tilbygg til fritidsbustaden på gbnr 51/16. Det vert no søkt om legalisering av utsleppet. Søknaden er knytt opp mot søknad om oppføring av ny fritidsbustad på gbnr 51/33.

Det ligg føre naudsynt dokumentasjon som gjev eigedomane rett til å kople seg til den private avlaupsleidningen i Naustvika.

Vurdering:

Utsleppstaden ligg i eit mindre følsomt område. Og utsleppsordninga det er søkt om er i samsvar med gjeldande krav i området.

Det er ikkje mogeleg å framskaffa dokumentasjon frå firma som utførte arbeidet med slamavskiljaren. Kommunen legg difor til grunn at anlegget er inspisert av firma Stendal VVS. Dei stadfestar at det er sett ned ein 4m³ slamavskiljar som ser ut til å fungera tilfredstillande for begge hyttene, og at avlaupsvatnet vert ført til felles sjøleidning i Naustvika som eigar har rett til å kople seg inn på.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5 utsleppsløyve for to fritidsbustader, gbnr 51/16 og 51/33 i samsvar med søknad motteke 10.08.2015 og supplerande opplysningar motteke 18.08.2015 og på følgjande vilkår:

Avlaupet skal gå via slamavskiljar og kommunen legg til grunn for godkjenninga at anlegget er inspisert av firma Stendal VVS, som stadfestar at slamavskiljaren fungerer tilfredstillande.

Frå slamavskiljar skal avlaupsvatn førast i tett leidning til kum og derfrå vidare eksisterande felles avlaupsleidning som går til sjø i Naustvika.

Slamavskiljar skal plasserast slik at den kan tømmast med slamsugebil i samsvar med vedtekter for slamtømming.

Eigedomane skal betale slangebyr til kommunen i samsvar med gjeldande gebyrregulativ»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Gunda Falao Sparre

Nordnesveien 42 5005

BERGEN

Mottakere:

Stendal VVS AS

Thorleif Stendal